

Helsedirektoratet
Postboks 220 Skøyen
0213 OSLO

Søknad på tilskotsmidlar – Program for folkehelsearbeid i kommunane 2019 -

frå Sogn og Fjordane fylkeskommune

I følge retningslinene frå Helsedirektoratet i høve søknad om tilskotsmidlar i 2019 (datert 01.02 2019) kan vi frå Sogn og Fjordane fylkeskommune, som søkte i 2018, ta utgangspunkt i fjorårets søknad og gjere naudsynte justeringar av denne. Vi vil såleis i denne søknaden gjere justering av budsjett til fordeling med reduksjon av tal prosjekt og kommunar. Vi vel, i følge retningslinene nemnde ovanfor, å utarbeide dette dokumentet som eit eige skriv - og legg fjorårets søknad som vedlegg.

Fylka som søker midlar til program for folkehelsearbeid i 2019 kan sette opp eit årleg budsjett på inntil 2,5 mill. kroner.

For denne søknaden har vi teke omsyn til dei tilbakemeldingane vi har fått frå Helsedirektoratet i høve søknaden for 2018. Desse tilbakemeldingane vart gjevne i Skype-møte den 6. april og i avslagsbrev, datert 03.05 2018. Under kjem dei mest sentrale momenta i brevet:

«Avslag på søknad om tilskudd til Systematisk samarbeid om livsmestring over statsbudsjettet 2018 kap. 714, post 60

I vår vurdering av søknaden savner vi noen avveininger knyttet til (a) implementering av det strukturelle folkehelsearbeidet i nær alle kommuner i Sogn og Fjordane fylkeskommune gjennom tilskuddsordningen og (b) hovedmålsettingene for ordningen – som er å utarbeide kunnskapsbaserte tiltak, lokale arbeidsmåter og verktøy. Direktoratet har vurdert at disse avveiningene ikkje er tydelige nok i søknaden og at et så bredt implementeringsarbeid vil gå på bekostning av tiltaksutviklingen og et godt evalueringsarbeid.» (sitat slutt)

I høve søknadsprosessen for 2018, hadde vi i Sogn og Fjordane, eit omfattande samarbeid med kommunane, statlege aktørar, Regionalt samarbeidsorgan, FoU-miljø og frivillig sektor. I følge regelverket for søknaden oppfatta vi det slik at målet var at alle kommunane i fylket (og i landet) skulle styrkast med å fremje innbyggjaranes helse og livskvalitet:

Mål for ordningen

Målet med tilskuddsordningen er å styrke kommunenes arbeid med å fremme befolkningens helse og livskvalitet. Programmet skal fremme lokalt rusforebyggende arbeid og bidra til å integrere psykisk helse som en likeverdig del av det lokale folkehelsearbeidet.

Tilskuddsordningen skal bidra til:

- *utvikling av kunnskapsbaserte lokale tiltak, arbeidsmåter og verktøy for å fremme barn og unges livskvalitet og psykiske helse og det rusforebyggende arbeidet i kommunene*
- *å integrere barn og unges psykiske helse som en likeverdig del av det lokale folkehelsearbeidet*

- *samarbeid mellom aktører innen blant annet skole og barnehage, fritidssektoren, helsetjenesten, politiet og frivillig sektor (sitat slutt)*

Det var særleg prikkpunkt 3 (samarbeid mellom aktørar i barnehage, skule, heim, fritid...) som, raskt og vedvarande, fekk oppslutning som den største utfordringa for kommunane i Sogn og Fjordane. Det vil seie at det eksisterer mykje godt samarbeid i enkelte kommunar. Men det er trong for eit *systematisk* eller eit organisert samarbeid, for å lette både arbeid og oversikt.

Søknaden for 2019

Kommunane kjem med innspel til satsingar og tiltak dei definerer at det er behov for. Ved val av tiltak vert det lagt vekt på at det er tiltak som er nyskapande og som fyller ut det som kommunane alt arbeider med.

I søknaden frå i fjor la vi som eit kriterium at kommunane måtte forplikte seg til den skisserte organisasjonsmodellen; om dei i tillegg også søkte om midlar til andre prosjekt (med utgangspunkt i enten, barnehage, skule, fritid eller arbeid). Dette vil vi no tone ned, likevel slik at ein, eller ei samling kommunar, kan søke om midlar til å prøve ut organisasjonsmodellen; det vil då finnast kommunar i nærleiken for samanlikning og dette kan lette evalueringsarbeidet. På same vis kan ei anna samling av kommunar søkje om andre kunnskapsbaserte lokale tiltak, arbeidsmåtar eller verktøy for å fremje barn og unges livskvalitet.

Fleire kommunar i Sogn og Fjordane er i ferd med å slå seg saman. Vi går frå 26 til 18 kommunar. Vi tek no utgangspunkt i at dei som vert slegne saman kan ha spesiell interesse av å søke om prosjektmidlar. Dersom denne spådommen held stikk, vil vi også få ei god geografisk fordeling av prosjektmidlar i fylket. Det kan elles vere andre kommunar som ønskjer å samle seg om eit felles prosjekt dei vil søke om midlar til. Det kan også vere ein einskild kommune som utarbeider eit innovativt prosjekt med trong for evaluering.

Vi viser elles til kriterium for å velje ut kommunar som skal få prosjektmidlar, skisserte i søknaden vår frå 2018.

For å få til gode prosjekt og metodar for evalueringar i folkehelsearbeidet har vi mellom anna etablert ei arbeidsgruppe beståande av kommunar, fylkeskommune, nokre frivillige organisasjonar, Høgskulen på Vestlandet og Helse Førde. Denne gruppa har også ein formell link til Folkehelseinstituttet. Arbeidsgruppa skal bidra til kreativitet kring korleis ein kan finne fruktbare folkehelseproblemstillingar og stimulere til prosjekt der kommunane har eit sterkt eigarskap. Samstundes er det viktig at ein får koplå på naudsynt kompetanse slik at prosjekta har god metodisk kvalitet. Det vil til dømes vere eit mål å organisere prosjekt der kommunane bygger eigarskap til evalueringane ved å nytte seg av ordninga med offentleg-PhD som er tilsett i kommunane. Høgskulen på Vestlandet har folkehelse som ei av sine fem satsingsområde, og har ein eit nyoppretta PhD-studium knytt til folkehelse «Helse, funksjon og deltaking», og vil kunne bidra til offentleg-PhD og kommunane får naudsynt støtteapparat.

Budsjett

Budsjettet er sett opp ut i frå dei rammene som Helsedirektoratet har stilt til disposisjon for 2019. Dersom rammene vert auka i åra som kjem, vil vi justere budsjettet slik at fleire kommunar kan bli inkluderte i *Program for folkehelsearbeid*.

2,5 mill kr i 2019 (totalt 16,5 mill kr for fem år)

	2019	2020	2021	2022	2023	SUM
2 tiltak/samling kommunar	2	2	2	2		
1 tiltak/samling kommunar			2	2	2	
FoU (samarbeid med kommunane)	0,5	0,5	0,5	0,5	0,5	
SUM	2,5	2,5	4,5	4,5	2,5	16,5

FoU-samarbeid – frikjøp av 50% stilling ved t.d. Høgskulen på Vestlandet for å støtte kommunane med søknadsskriving, metodekunnskap og evaluering.

I tillegg kjem fylkeskommunal eigeninnsats tilsvarande 40-50 % stilling knytt til koordinering og oppfølging av arbeidet i kommunane.